

ID 536.26

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Felles opprop frå ordførarar i Sunnhordland: Trygge sjukehusenester krev nasjonalt ansvar

Sunnhordlandsrådet IPR, som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, registrerer den aukande uroa knytt til utviklinga i spesialisthelsetenesta, og særleg situasjonen rundt radiologitilbodet ved Stord sjukehus. For oss handlar dette først og fremst om éin ting: Tryggleik for innbyggjarane våre.

Når fagfolk uttrykker bekymring for kapasitet og organisering, og når innbyggjarar blir usikre på om tilbodet er tilgjengeleg når det hastar, er det eit signal som må takast på alvor. Samtidig vil me vera tydelege: Dette er ikkje eit lokalt problem åleine. Dette er eit resultat av nasjonale prioriteringar.

Helseføretaka opererer innanfor økonomiske og organisatoriske rammer som er fastsette av staten. Når desse rammene blir stramma inn, får det konsekvensar ute i tenestene – også i vår region.

Me forventar difor at regjeringa tek eit tydelegare ansvar for utviklinga i spesialisthelsetenesta.

Det inneber:

- Å sikra tilstrekkeleg finansiering til å oppretthalda akutfunksjonar og kritisk kompetanse
- Å leggja til rette for robuste fagmiljø, også ved mindre sjukehus
- Å sørge for at organiseringa av helseføretaka støttar opp under gode faglege og geografiske løysingar

Me meiner også det er behov for ein breiare gjennomgang av korleis spesialisthelsetenesta er organisert. Dagens struktur gir ikkje alltid dei beste løysingane for rekruttering, fagmiljø og samhandling. Skal me lukkast med å tilby likeverdige helsetenester i heile landet, må dette vurderast på nytt. For innbyggjarane våre er det ikkje avgjerande kva føretak som eig sjukehuset. Det avgjerande er at hjelpa er der – når dei treng ho.

Me forventar at helse- og omsorgsministeren følgjer opp denne utviklinga, og tek initiativ til tiltak som sikrar både kapasitet, kvalitet og tillit til tenestene. Sunnhordland treng eit sterkt sjukehusstilbod – og det ansvaret ligg hos staten.

Sunnhordland, 4. juni 2026

Morten Helland Ordførar Austevoll	Mette Heidi B. Ekrheim Ordførar Etne	Vegard Bjørnevik Ordførar Kvinnherad	André M. Haukås Ordførar Sveio
Morten Helland Ordførar Bømlo	Wenche Tislevoll Ordførar Fitjar	Sigbjørn Framnes Ordførar Stord	Synnøve Bakke Ordførar Tysnes